

SAK 56/19 SØKNAD OM STØTTE TIL BØKER OM AUREFISKE I HALLINGDAL

Saksopplysing

Boksmia forlag v/ Olav Randen søker i brev dat. 23.8.2019 om støtte på kr. 50.000 til to bøker om aurefiske i Hallingdal. Arbeidet med bokutgjevinga står Trond Andersson og Olav Randen for.

Trond Andersson si bok («Med fiskestang i Hallingdals elver og vann») handlar om fiskeopplevelingar i elvar og vatn i Hallingdal.

Olav Randen si bok («Fiske etter aure i ti tusen år») handlar om aurefiske i Hallingdal.

Han skriv om arkeologiske spor etter fiske, om fiske i historisk tid som matauk og underhaldning, om følgjer av kraft utbyggingane og om arbeidet med fiskeklekkeri og fiskekultivering. Siste del av boka handlar om korleis auren bør forvaltast framover.

Bøkene vil gjevast ut i ein kassett (easyslip), med format ca. 14 x 14 cm.

Andersson si bok vil vera på ca. 350 sider og i firefargars trykk. Randen si bok vil bli på ca. 150 sider og i svart kvitt. Sjå vedlagte bilde.

Det er ikkje lagt ved budsjett eller finansieringsplan. Trykkjekostnad (opplag 1000 bøker) vil vera i overkant kr. 100.000. I tillegg til søknad til regionrådet er det søkt om kr. 50.000 hjå E-CO.

Vurdering

Regionrådet for Hallingdal får ofte spørsmål om tilskot til bokutgjevingar av ulike kategoriar og omfang. Utgangspunktet har vore at boksprosjekt ikkje blir støtta, dersom det ikkje er spesielle grunnar som talar for noko anna, her kan nemnast bokutgjevinga «Folkesong i Hallingdal» og «Frå sosial bygdeopposisjon til sosialdemokratisk arbeidarrørsle».

I tillegg tok Regionrådet for Hallingdal i 2012 ansvaret for å gje ut ei samanfattande historie om Hallingdal, «Historia om Hallingdal», som kom i 2014. Dette vart på mange måtar regionhistoria, ei bok frå Hallingdal, til Hallingdal og om Hallingdal.

Ut frå situasjonen der partnarskapsmidlane frå Buskerud fylkeskommune er borte, bør attståande midlar nyttast til det som er sagt skal vera prioriterte oppgåver. Frå og med 2020 vil ikkje Regionrådet ha andre midlar til disposisjon enn det som er løyvd frå kommunane til drift og gjennomføring av Strategisk plan for Hallingdal, dersom ein legg til grunn tidlegare praksis for budsjett.

Etter dagleg leiar sitt syn vil ikkje bøker om aurefiske i Hallingdal vera i kategorien «spesielle grunnar».

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Boksmia forlag om økonomisk støtte til bøker om aurefiske i Hallingdal.

Ål 11.10.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad med bilde omslag

SAK 56-19, VEDLEGG 1

Boksmia forlag
Ved Olav Randen, Vatsvegen 138, 3570 Ål, 9764 9765

Ål 23.8.2019

E-Co Vannkraft AS,
Heradvegen 6,
3550 Gol

Regionrådet for Hallingdal,
Torpomoen,
3579 Torpo

Søknad om støtte til bokutgiving om aurefiske i Hallingdal

Hallingdal har meir enn 400 km² med vatn og i tillegg elvar og småtjørner. I stordelen av desse vatna og elvane finst aure. Fisken har gjennom tusentals år vore ein viktig matressurs, og fritidsfiske er viktig både for mange av oss som bur i dalen og for turistar. Med dette som bakgrunn arbeider me, Trond Andersson og Olav Randen, med to bøker om aurefiske i Hallingdal.

Anderssons bok handlar om fiskeopplevelingar i elvar og vatn i dalen. Som materiale til boka har han fiska og fotografert eller fått andre til å fotografera i svært mange elvar og vatn i dalen, frå Hallingdals del av Hardangervidda og til Flå austmark. Det gjeld fisketurar i alle kommunane i dalen, og åleine eller saman med andre, andre sportsfiskarar, barnebarn Isak, tidlegare riksadvokat Georg Fredrik Rieber-Mohn, danske og britiske fjernsynsreportarar og seljarar av fiskeutstyr, for å nemne nokre. Gjennom ord og 351 bilete presenterer han turane og fisket, natur og refleksjonar rundt fisking og forvaltning av fiske. Arbeidstittelen er «Med fiskestang i Hallingdals elver og vann». Boka vil fungere som ei kunnskaps- og inspirasjonsbok om aurefiske i dalen.

Andersson har åleine og saman med medforfattarar gjennom åra skrive rundt 10 bøker om makk- og flugefiske. Dette er den første boka primært for lokale lesarar.

Olav Randen har gått gjennom historia om aurefiske i Hallingdal. Arbeidstittelen for hans bok er «Fiske etter aure i ti tusen år». Han skriv om arkeologiske spor etter fiske, om fiske i historisk tid som matauk og underhaldning, om følgjer av kraftutbyggingane og om arbeidet med fiskekrekkeri og fiskekultivering. Ei mengd nærings- og fritidsfiskarar blir presenterte, frå Berte Skrukkefyllhaugen via lordane Garvagh og til Einar Gerhardsen og Jens Bjørneboe, og han legg vekt på fiske i gardsdrift og som mattilgang. Siste del av boka handlar om korleis auren bør forvaltas framover.

Randen har tidlegare skrive mykje om historie og miljø, såleis boka «Brøyte seg rydning. Bureisingstid og bureisarliv», Boksmia 2002.

Me vil lage to bøker i ein kassett (easyslip), med format ca. 14 x 14 cm og med smussomslag og folietrykk på bøkene. Anderssons bok vil truleg bli på 352 sider og i firefargars trykk. Randens bok vil bli på 152 sider og i svartkvitt, men elles med same layouten som Anderssons. Bøkene vil altså bli selde i lag i ein kassett. Me vel dette formatet og denne utsjånaden fordi det vil skilje seg ut og eigne seg godt som gåvebøker. Bøkene vil kome på Boksmia forlag i Ål.

SAK 56-19, VEDLEGG 1

Trykkjekostnader for bøkene (opplag 1000) blir i overkant av 100 000 kroner. Me har brukt ein del månader kvar på arbeidet med bøkene, og me har hatt utlegg til reiser, bompengar, fiskekort, litteratur med meir. Me ønskjer heller ikkje at utsalsprisen på bøkene skal bli så høg at det står i vegen for kjøp.

Me søker difor om støtte på 50 000 kroner frå E-Co og 50 000 kroner frå regionrådet.

Arbeidet med bøkene er i sluttfasen. Me planlegg trykking i oktober i år og lansering rundt månadsskiftet oktober/november. Om ønskeleg kan me sende dykk prøveoppsett av delar av manuskripta. Viss me får støtte, ville det vere ønskeleg med melding om det før trykking, slik at informasjon om støttespelarar kan fyrast inn på kolofonsida i bøkene.

Beste helsing for Boksmia forlag



Olav Randen

BIND I

TROND
ANDERSSON
ØRRETFISKE
I HALLINGDAL
MED FISKESTANG
I HALLINGDALS
ELVER OG
VANN

TROND ANDERSSON



BIND II

OLAV
RANDEN
ØRRETFISKE
I HALLINGDAL
ØRRET OG
ØRRETFISKE
GJENNOM
TI TUSEN
ÅR

OLAV RANDEN



ØRRETFISKE
I HALLINGDAL

ØRRET OG ØRRETFISKE GJENNOM TI TUSEN ÅR



Boksmia

Boksmia

